

## Kartlegging av biologisk mangfold i setergrendene Nysetra, Tandsetra, Sjong og Kvita i Lesja kommune 2017

Per Jordhøy og Anders Often



## **NINAs publikasjoner**

### **NINA Rapport**

Dette er en elektronisk serie fra 2005 som erstatter de tidligere seriene NINA Fagrapport, NINA Oppdragsmelding og NINA Project Report. Normalt er dette NINAs rapportering til oppdragsgiver etter gjennomført forsknings-, overvåkings- eller utredningsarbeid. I tillegg vil serien favne mye av instituttets øvrige rapportering, for eksempel fra seminarer og konferanser, resultater av eget forsknings- og utredningsarbeid og litteraturstudier. NINA Rapport kan også utgis på annet språk når det er hensiktsmessig.

### **NINA Temahefte**

Som navnet angir behandler temaheftene spesielle emner. Heftene utarbeides etter behov og serien favner svært vidt; fra systematiske bestemmelsesnøkler til informasjon om viktige problemstillinger i samfunnet. NINA Temahefte gis vanligvis en populærvitenskapelig form med mer vekt på illustrasjoner enn NINA Rapport.

### **NINA Fakta**

Faktaarkene har som mål å gjøre NINAs forskningsresultater raskt og enkelt tilgjengelig for et større publikum. De sendes til presse, ideelle organisasjoner, naturforvaltningen på ulike nivå, politikere og andre spesielt interesserte. Faktaarkene gir en kort framstilling av noen av våre viktigste forskningstema.

### **Annen publisering**

I tillegg til rapporteringen i NINAs egne serier publiserer instituttets ansatte en stor del av sine vitenskapelige resultater i internasjonale journaler, populærfaglige bøker og tidsskrifter.

# Kartlegging av biologisk mangfold i setergrendene Nysetra, Tandsetra, Sjong og Kvita i Lesja kommune 2017

Per Jordhøy og Anders Often

Jordhøy, P. & Often, A. 2017. Kartlegging av biologisk mangfold i setergrendene Nysetra, Tandsetra, Sjong og Kvita i Lesja kommune 2017, – NINA Rapport 1396. 31 s. + vedlegg

Trondheim, 20.11.2017

ISSN: 1504-3312

ISBN: 978-82-426-3123-7

RETTIGHETSHAVER

© Norsk institutt for naturforskning

Publikasjonen kan siteres fritt med kildeangivelse

TILGJENGELIGHET

Open

PUBLISERINGSTYPE

Digitalt dokument (pdf)

KVALITETSSIKRET AV

Heidi Myklebost

ANSVARLIG SIGNATUR

Forskingssjef Inga E. Bruteig (sign.)

OPPDRAKSGIVER(E)/BIDRAGSYTER(E)

Lesja kommune

KONTAKTPERSON(ER) HOS

OPPDRAKSGIVER/BIDRAGSYTER

Marit Svanborg

FORSIDEBILDE

Anders Often formidler vegetasjonshistorie til hyttefolk på Nysetra.

Foto: Per Jordhøy, NINA

Alle foto elles: Per Jordhøy, NINA

NØKKELOD

- Lesja kommune, Oppland fylke
- Flora, naturbeitemark
- Kartlegging av biologisk mangfold

#### KONTAKTOPPLYSNINGER

**NINA hovedkontor**

Postboks 5685 Sluppen  
7485 Trondheim  
Telefon: 73 80 14 00

**NINA Oslo**

Gaustadalléen 21  
0349 Oslo  
Telefon: 73 80 14 00

**NINA Tromsø**

Framsenteret  
9296 Tromsø  
Telefon: 77 75 04 00

**NINA Lillehammer**

Fakkeltgården  
2624 Lillehammer  
Telefon: 73 80 14 00

[www.nina.no](http://www.nina.no)

## Samandrag

Jordhøy, P. & Often, A. 2017. Kartlegging av biologisk mangfald i setergrendene Nysetra, Tandsetra, Sjong og Kvita i Lesja kommune 2017. – NINA Rapport 1396. 31 s.+ vedlegg

I samband med ivaretaking av naturbeitemark inngår biologisk kartlegging for å ha oversyn over utvikling og trong for skjøtsel. Områda vi har kartlagt i 2017 er tidlegare kartlagt i 1995 og 2007. Setrane i Lesja er elles skildra i Einbu & Kjelland (1988). Ved alle lokalitetane vart det gjennomført nykartlegging og utarbeiding av fullstendige artslistar. Tidspunktet for feltkartlegginga av karplanter var 8-10.08.2017. Artslistar for karplanter for kvart område vart utarbeidd på grunnlag av funne artar. Områda som vart kartlagt består av naturbeitemark (D04) og hagemark (D05) med liten grad av attgroing, og store areal er halde i hevd grunna kontinuerleg beiting frå husdyr over lang tid, samt noko rydding av buskvegetasjon. Naturbeitemarka er heilt avhengig av tradisjonell husdyrbeiting for å bli halde i hevd frametter. Der det er mest attgroing tilrår vi noko rydding av einer og bjørk, slik kan ein ta vare på mest mogleg av det opphavslege preget på seternær beitemark. Det var spor etter aktiv rydding innan alle setergrendene; setra til Hattremslykkja på Nysetra, på Tandsetra, setra til Nestande på Sjong (herunder Klukkarkvea) og setra til Søre Hagestande på Kvita.

Oppdragsgjevar til prosjektet har vore Lesja kommune.

Per Jordhøy, Norsk institutt for naturforskning, 7485 Trondheim. per.jordhoy@nina.no  
Anders Often, Norsk institutt for naturforskning, Gaustadalléen 21, 0349 Oslo.

# Innhald

<b>Samandrag</b> .....	<b>3</b>
<b>Innhald</b> .....	<b>4</b>
<b>Føreord</b> .....	<b>5</b>
<b>1 Innleiing</b> .....	<b>6</b>
<b>2 Oppdrag og kunnskapsstatus</b> .....	<b>7</b>
<b>3 Metodar</b> .....	<b>11</b>
<b>4 Resultat</b> .....	<b>12</b>
4.1 Nysetra ID: BN00081018. Hattremslykkja .....	12
4.2 Nysetra ID: BN00068619. F 238 og F239. Ølstadsetra .....	13
4.3 Tandsetra ID: BN00068620 F309 Vesl-Tande .....	15
4.4 Sjong ID: BN00068621 F309 Klukkarkvea, Uppistugu Nestande .....	16
4.5 Sjong ID: BN00081019 Systugu Nestande, Ulateigslykkja og Nørdre Ulateig .....	17
4.6 Sjong ID: BN00068622 Nestandesetra .....	19
4.7 Sjong ID: BN00081022 Silli .....	20
4.8 Kvita ID: BN00081020 Nær-Siem .....	21
4.9 Kvita ID: BN00068625 F291 F303 (to område) Søre Hagestande .....	24
4.10 Kvita ID: BN00068624 F304 Nørdre Stor-Tande .....	26
4.11 Kvita ID: BN00081021 Nordpå Tynnøl .....	26
4.12 Synfaring av kveene innan dei fire seterområda for kvalitativ sjekk .....	27
<b>5 Tilråding</b> .....	<b>29</b>
5.1 Generelt .....	29
5.2 Nysetra (to område) .....	29
5.3 Tandsetra .....	29
5.4 Sjong (fire område) .....	29
5.5 Kvita (fire område) .....	30
<b>6 Referansar</b> .....	<b>31</b>
<b>7 Vedlegg</b> Artslister (dei mest interessante artane er utheva) .....	<b>32</b>

## **Føreord**

Etter ein anbodskonkurranse forsommaren 2017 fekk NINA i oppdrag å utføre kartlegging av biologisk mangfald ved setergrendene Nysetra, Tandsetra, Sjong og Kvita på Dalsida i Lesja kommune. Arbeidet er utført av personell ved NINA sine avdelingar i Oslo og Trondheim, som har generell og lokal kunnskap om naturverdiane i området. Vi takkar Lesja kommune for bakgrunnsopplysningar og eit godt samarbeid. Takk også til planteøkolog Heidi Myklebost, NINA, for gode råd og rettleiing.

Trondheim 20.11.2017

Per Jordhøy  
Prosjektleder



# 1 Innleiing

I samband med ivaretaking av naturbeitemark inngår biologisk kartlegging for å ha oversyn over utvikling og trong for skjøtsel. Etter oppdrag frå Lesja kommune har NINA 8.-10. august 2017 utført biologisk kartlegging i og ved setergrendene Nysetra, Tandsetra, Sjong og Kvita på Dalsida i Lesja kommune, Oppland fylke. Tilsvarande kartlegging vart utført på Reindøl- og Svartdalsætrin i Lesja i 2015 (Jordhøy og Often 2015), og på Filling, Skamsdalsætrin og Sletthella i 2016 (Jordhøy og Often 2016).



*Kyr på beite ved Nysetra.*



## 2 Oppdrag og kunnskapsstatus

Oppdraget omfattar kartlegging av biologisk mangfald i 11 område ved setergrendene Nysetra, Tandsetra, Sjong og Kvita i Lesja kommune (tabell 1.)


**Tabell 1.** Opplysningar om dei kartlagde områda.

Lokalitet	ID	Naturtypebestemt 2017	Verdi	Areal daa	Tidlegare kartlagt	Kartlagt 2017	Merknad
Nysetra	BN00081018	Naturbeitemark	Viktig	19,0	10.08.1995	8.08.2017	
Nysetra	BN00068619 F238 F239	Naturbeitemark	Viktig	13,0	7.07.2007	8.08.2017	
Tandsetra	BN00068620 F309	Naturbeitemark	Viktig	6,3	7.07.2007	8.08.2017	
Sjong	BN00068621 F350	Hagemark	Viktig	5,2	7.07.2007	9.08.2017	Bjørkehage
Sjong	BN00081019	Naturbeitemark	Viktig	12,0	10.08.1995	9.08.2017	
Sjong	BN00068622 F274	Hagemark	Viktig	15,0	6.07.2007	9.08.2017	Bjørkehage
Sjong	BN00081022	Naturbeitemark	Viktig	16,0	10.08.1995	9.08.2017	
Kvita	BN00081020	Naturbeitemark	Viktig	3,2	10.08.1995	10.08.2017	
Kvita	BN00068625 F291 F303	Naturbeitemark	Viktig	6,8	6.07.2007	10.08.2017	
Kvita	BN00068624 F304	Naturbeitemark	Viktig	6,7	6.07.2007	10.08.2017	
Kvita	BN00081021	Naturbeitemark	Viktig	4,6	10.08.1995	10.08.2017	

Områda vart kartlagt fyrste gong i 1995 (Gaarder & Jordal 1996) og 2007 (Hansen, l. upubl.). Sjå tabell 1 for detaljar. Setrane og deira historie er elles skildra i Einbu og Kjelland (1988).

Dei kartlagde områda omfattar gamle setervollar som inngår i naturtypene naturbeitemark (D04) og hagemark (D05). Dette er grasmark med langvarig hevd i form av husdyrbeite, og liten grad av gjødsling og jordbearbeiding. Naturtypene finst i heile landet og i mange ulike utformingar. Dei har eit høgt mangfald av karplantar, sopp og virvellause dyr. Utnyttinga av utmark til husdyrbeite var mykje vanlegare for 50-60 år sidan og naturbeitemark er ein naturtype i sterk attendegang. Dette er viktige naturtypar, og levestad for mange raudlisteartar.


Naturbeitemark inngår i kulturmarkseng i klassifiseringssystemet Naturtypar i Norge (NiN 1.0) (Lindgaard og Henriksen 2011). Denne hovudtypen er delt inn i 13 grunntypar og 22 undertypar, etter engflate/engkant, kalkinnhald, vassmetting og hevdform. I beitemark finst vanlegvis fleire næringskrevjande artar på grunn av dyra si gjødsling, og tråkkplanter er vanlig. Naturbeitemark er gjerne meir tuete og steinut enn slåttemark. Innslag av busker, beitetolerante gras, samt giftige eller piggete artar er typisk (Bratli, 2010). Naturbeitemark inngår også i den reviderte Naturtypar i Norge (NiN 2.0) som seminaturleg eng. Denne omfattar engprega, opne eller tresette økosystem som er forma gjennom beite og slått, eller en kombinasjon av desse, og brukt til jordbruksproduksjon gjennom lang tid.



**Figur 1.** Oversyn over lokaliseringa til dei kartlagde seterområda på Nysetra med respektive ID-nr. og andre synfarte setervollar.




**Figur 2.** Oversyn over lokaliseringa til det kartlagde seterområdet på Tandsetra, med ID-nr.



**Figur 3.** Oversyn over lokaliseringa til dei kartlagde seterområda på Sjong med respektive ID-nr. og andre synfarte setervollar.





**Figur 4.** Oversyn over lokaliseringa til dei kartlagde seterområda på Kvita med respektive ID-nr., samt andre synfarte setervollar.

### 3 Metodar

For kartlegging av naturtypar er DN-håndbok 13 (DN 2007) med reviderte faktaark for 2013 nytta. I tillegg er det gjeve ei skildring av vegetasjonstypar med karakteristiske og dominerande artar i dei ulike områda. Elles er Halvorsen mfl. (2009, 2011), Fremstad (1997) Fremstad & Moen (2001) og Larsen (2010) nytta.

#### Planteartar (hovudsakeleg karplanter)

Det vart gjort inventering av karplanter i alle område 8.-10. august 2017. Tidspunktet for feltkartlegginga av karplanter var etter måten gunstig i høve til blomstringsstatus.

Artslister for karplanter for kvart område er utarbeidd på grunnlag av funne artar (Vedlegg 1).



*Raudknapp (Knautia arvensis) med humlebille (Trichius fasciatus) på lokaliteten BN00001018 på Nysetra.*



*Arbeid med kartlegging på lokaliteten BN00001018 på Nysetra.*

## 4 Resultat

### 4.1 Nysetra ID: BN00081018. Hattremsslykkja

Seterkve kartlagt som naturbeitemark (D04). Sjå lokalisering på figur 1.

Setra er nemnt allereie i 1668 og må difor vera oppført før dette tidspunktet. I 1866 slo brukaren seterhøy for 3 skilling, det vil seie eitt vinterlass (omlag 300 kg). Det var vanleg seterdrift her til utpå 1960-talet. Det var fjøs med plass til 5-6 kyr og tradisjonell seterdrift her til ikring 1960 (Einbu og Kjelland 1988). Kvea blir ikkje slått men beita årleg av storfe og sau.

Området er tidlegare kartlagt som naturbeitemark (D04) 10.08.1995, med utforminga finnskjegg- og sauesvingeleng. Det vart da mellom anna gjort fylgjande slutningar i verdigrunngevinga: «De små partiene med artsrik natureng som finnes på Nysetra har forekomst av minst to rødlistearter, noe som gir grunnlag for verdi viktig (B)».

Hovudinstrykket etter ny kartlegging 8.08.2017 var at dette er ei seterkve med fin naturbeitemark i bra hevd. Det vart funne 70 artar karplanter (sjå vedlegg), mellom anna raudlisteartane marinøkkel *Botrychium lunaria* (12 individ) og fjellmarinøkkel *Botrychium boreale* (to individ). Desse vart også funne ved kartlegginga i 1995. Ein ser litt attgroing av lappvier *Salix lapponum*, setervier *Salix myrsinifolia* ssp. *borealis* og dunbjørk *Betula pubescens* ssp. *pubescens* her. Her er stadvis også mykje einer *Juniperus communis*. Det er mykje sølvbunke *Deschampsia cespitosa*. Her finst og noko halvhøg setervier *Salix myrsinifolia* ssp. *borealis*. Det er middels artsrikt og middels fuktig på lokaliteten. Det er lenge sidan området har vorte slått, men kvea blir årleg beita av storfe og sau. Det er rydda bra i den sørvestlege delen etter ei tid med aukande attgroing. Viktig naturbeitemark i bra hevd.



Kartlegging av beitebakke på setra til Hattremsslykkja på Nysetra.





Det er rydda bra i den sørvestlege delen av området. Det var sau på beite her under kartlegginga.

#### 4.2 Nysetra ID: BN00068619. F 238 og F239. Ølstadsetra

Seterkve kartlagt som naturbeitemark (D04). Sjå lokalisering på figur 1.

Setra er av dei eldste på Dalsida og er nemnt allereie i 1668. I 1866 slo brukaren seterhøy for 45 skilling, det vil seie 15 vinterlass (omlag 4100 kg). Det vart hausta fullmoge korn her i 1938. Det var vanleg seterdrift her til 1983. Som oftast var det 14-15 kyr og 10-12 geiter på setra her (Einbu og Kjelland 1988). Kvea vart slått til sist på 1950-talet. Sidan har området vore jamt beita av storfe.

Området er tidlegare kartlagt som naturbeitemark (D04) 7.07.2007 (Hansen 2007). Det stod da i verdigrunngevinga mellom anna: «Større område med velutviklet tørrengvegetasjon med truede, krevende og karakteristiske arter...».

Framifrå steinfri og fin naturbeitemark. Det vart funne 73 artar karplanter (sjå vedlegg). Ganske store, sørvendte og tørre, kortvaksne beitebakkar på finkorna, kvartærgeologiske avsetjingar. Det er kalkrikt her, med ein slags kortvaksen fjelltype kalktørreng. Her er ganske mykje lav, mest ljøs reinlav *Cladonia arbuscula* og andre *Cladonia*-arter. Det er og noko bikkjenever *Peltigera canina* her. Her er større område med sølvbunkebeite *Deschampsia cespitosa*. Det vart funne ein god del sjeldne artar, mellom anna marinøkkel *Botrychium lunaria*, fjellmarinøkkel *Botrychium boreale*, smalfrøstjerne *Thalictrum simplex ssp. simplex* og sandfiol *Viola rupestris*. Kvea blir ikkje slått i dag, men beita av storfe. Viktig naturbeitemark som er i god hevd.





*Naturbeitemark med fine tørrbakker i det kartlagde området på seterkvea til Ølstad.*



*Ølstadsetra med den gamle Ølstadlåven til høyre. Her har vore seterdrift fram til 1983.*



*Smalfrøstjerne (Thalictrum simplex ssp. simplex) og marinøkkel (Botrychium lunaria) funne på Ølstadkvea.*

#### 4.3 Tandsetra ID: BN00068620 F309 Vesl-Tande

Seterkve kartlagt som naturbeitemark (D04). Sjå lokalisering på figur 2.

Setra her vart truleg bygd fyrst på 1800-talet. I 1866 slo brukaren seterhøy for 3 skilling, eitt vinterlass eller omlag 300 kg høy (Einbu og Kjelland 1988). Setra var først i drift til 1931, og seinare ein periode i 1986-2007, da det vart drive med geiter her. Dette førte til at større område ikring setrene her vart «opna» på grunn av beiting. Sidan 2008 har området vore jamt beita av sau om hausten. Beitetrykket har såleis vore svakt.

Området er tidlegare kartlagt 7.07.2007 (Gaarder & Jordal, 1996), og hadde da verdigrunngevinga: «Velutviklet tørrengvegetasjon med truete og krevende arter».

Kartlagt område i 2017 inneheld naturbeitemark med stor variasjon i utforming og fuktigheit. Dels steinut og kupert med einerbeitebakker og noko lyngrabbar. Også noko hagemarkspreg. Stort artsmangfald på grunn av stor variasjon i fuktigheit. 100 karplanteartar vart funne (sjå vedlegg). Spreidd oppslag av dunbjørk. Av uventa innslag fann vi den nokså varmekjære arten bråtestorr *Carex pilulifera* her. Det vart elles funne mykje av raudlistearten bakkessøte *Gentianella campestris* her, og brukaren opplyste at han observerte ein del snøssøte *Gentiana nivalis* her tidlegare i sesongen. Området må seiast å vera i bra hevd, men det er teikn til litt attgroing med einer her og der. Det vart no kartlagt som naturbeitemark (D04) og er vurdert som viktig.





*Fin tørrbakke på setra til Vesl-Tande. Her er bra rydda og det er etter måten god hevd. Anders Often diskuterer plantelivet med ein av brukarane.*

#### 4.4 Sjong ID: BN00068621 F309 Klukkarkvea, Uppistugu Nestande

Seterkve kartlagt som hagemark (D05). Sjå lokalisering på figur 3.

Setrene her vart rydda og bygd ikring år 1700. Sidan har det vore minst tre setrer her. I 1866 vart det hausta høy for 6 skilling, eller to vinterlass tilsvarande 550 kg (Einbu og Kjelland 1988).

Området er tidlegare kartlagt som hagemark (D05) 7.07.2007 (Gaarder & Jordal, 1996), og hadde da verdigrunngjevinga: «Velutviklet naturengvegetasjon hele veien... tørre partier med krevende arter..».

Etter måten flat og artsrik seterkve med hagemarkspreg. Det vart funne 76 artar karplanter (sjå vedlegg). Det vart mellom anna funne bakkesøte *Gentianella campestris* og raudknapp *Knautia arvensis* i området. Kvea blir årleg beita med storfe og sau, og er i god hevd. Viktig hagemark.



*Klukkarkvea på Sjong, framifrå rydda seterkve i god hevd. Den vesle bua, «Kaninburet», vart tidlegare nytta til kvilebu på turar nordover Dalsida.*

#### 4.5 Sjong ID: BN00081019 Systugu Nestande, Ulateigslykkja og Nørdre Ulateig

Seterkve kartlagt som naturbeitemark (D04). Sjå lokalisering på figur 3.

Området omfattar kveene til tre setrer: Systugu Nestande, Ulateigslykkja og Nørdre Ulateig. Setra til Systugu Nestande er moglegvis frå midten av 1700-talet, medan dei to andre kan vera frå midten av 1800-talet. I 1866 vart det til saman på desse setrene hausta høyr for 21 skilling, eller 7 vinterlass tilsvarande 1900 kg (Einbu og Kjelland 1988).

Området er tidlegare kartlagt som naturbeitemark (D04) 10.08.1995, med utforminga finnskjegg- og sauesvingeleng. Det vart da mellom anna gjort fylgjande slutningar i verdigrunngevinga: «Hele setergrenda vurdert som et kulturlandskap med store verdier og har forekomst av minst tre rødlistearter, noe som gir grunnlag for verdi viktig (B)».

Store og ganske bratte einerbeitebakker pregar området. Det er eit fint beiteområde og den austlege delen er ikkje beita på ei stund og var fin for kartlegging under vårt besøk. På den vestlege delen var det slept inn ammekyr og området var nokså hardt beita. Det vart funne 86 artar karplanter under registreringa (sjå vedlegg). Det var ein god del fjellplanter på beitet, som til dømes tuvearve *Minuartia biflora*, mogop *Pulsatilla vernalis*, bergveronika *Veronica fruticans*, musøyre *Salix herbacea* og trefingerurt *Sibbaldia procumbens*. Det var også ein del svakt varmekjære artar som bitterbergknapp *Sedum acre*, karve *Carum carvi* og bråtestorr *Carex pilulifera*. Bakkesøte *Gentianella campestris* (30 individ) og snøsøte *Gentiana nivalis* vart også funne. Det var stor variasjon innan slekta marikåpe *Alchemilla* sp. Viktig naturbeitemark (D04), som alt i alt er i god hevd med årleg beiting av sau og storfe.



Bakker med fint beite ved setra til Ulateigslykkja på Sjong.





*Nærbilde av artsmangfald i ein fin bakke på Sjong, med blåklokke (*Campanula rotundifolia*) i framgrunnen.*



*Slåttonn på Sjong, truleg først på 1900-talet (fotograf ukjent).*



*Storfe beiter på seterkvea til Systugu Nestande.*

#### 4.6 Sjong ID: BN00068622 Nestandesettra

Seterkve kartlagt som hagemark (D05). Sjå lokalisering på figur 3.

Setrene her vart rydda og bygd ikring år 1700. Sidan har det vore minst tre setrer her. I 1866 vart det hausta høy for 6 skilling, eller to vinterlass tilsvarande 550 kg (Einbu og Kjelland 1988).

Området er tidlegare kartlagt som hagemark (D05) 6.07.2007 (Gaarder & Jordal, 1996), og hadde da mellom anna verdigrunngjevinga: «Sterkt varierende fuktighetsforhold..., baserik vegetasjon med krevende arter..., sterkt mosaikkipreg med tørre partier/myr, partier preget av skygge/lysåpne områder...».

Kvea på Nestandesettra inneheld hagemark med svært vekslende fukttilhøve. Eit svært variert område med tørrbakke, myr, kjelder, beitskog og einerkratt. Det vart funne 105 artar karplanter under registreringa (sjå vedlegg). Fleire sjeldne artar som marinøkkel *Botrychium lunaria*, mogop *Pulsatilla vernalis* og bakkesøte *Gentianella campestris*. Ein del attståande hageplanter (rabarbra *Rheum rhabarbarum*, løpstikke *Levisticum officinale*, buskfuru *Pinus mugo* ssp. *mugo*) vart og registrert. Det er framifrå hevd på kvea. Det blir årleg beita med både sau og storfe, og det er nokså mykje nyrydda. Alt i alt eit fint område. Det er eit stort kjerr med buskfuru *Pinus mugo* i det nordaustre hjørnet av kvea som har breidd seg utover med liggjande og rotslåande greiner. Den vart planta ikring år 1900 av dåverande heradsskogsmeister, ifylgje eigarane.



Eitt eksemplar av buskfuru (*Pinus mugo* ssp. *mugo*) har breidd seg utover i det nordvestlege hjørnet av kvea. Den vart planta for over hundre år sidan.



Kartlegging av vegetasjon i eit interessant kjeldeområde på Nestandkvea. Fukttilhøva vekslar sterkt innan seterkvea. Anders Often formidlar botanisk kunnskap til brukar Aud Hole.





*Einskilde år som kvea på Nestande ikkje blir beita, blir den gjerne slått. Dette er med på å halde den i god hevd. Slåttekaren er Helge Hole, tidlegare brukar. Til høgre er han med mor og syster si på setra sommaren 1947, og han har såleis opplevd store endringar i seterbruken på Sjong.*

#### 4.7 Sjong ID: BN00081022 Silli

Seterkve kartlagt som naturbeitemark (D04). Sjå lokalisering på figur 3.

Setra er av dei eldste på Dalsida og er nemnt allereie i 1668. I 1866 slo brukaren seterhøy for 15 skilling, det vil seie 5 vinterlass (omlag 1350 kg). Det var vanleg seterdrift her til og med 1987. Det var 15-19 kyr og 14-18 geiter (til 1967) på setra her vanlegvis (Einbu og Kjelland 1988). Kvea vart slått til 1955. Sidan har området vore jamt beita av storfe og sau.

Området er tidlegare kartlagt som naturbeitemark (D04) 10.08.1995, med utforminga finnskjepp- og sauesvingeleng. Det vart da mellom anna gjort fylgjande slutningar i verdigrunngjevinga: «Hele setergrenda vurdert som et kulturlandskap med store verdier og har forekomst av minst to rødlistearter, noe som gir grunnlag for verdi viktig (B)».

Noko einerbeitebakke utanom sjølve kveområdet (innan den vestlege delen av området som ikkje er inngjerda), også med ein god del dvergbjørk *Betula nana* samt spreidd dunbjørk *Betula pubescens ssp. pubescens*. Ein del spreidd små furuer *Pinus sylvestris* er det og. Den andre delen er inngjerda og held fram austover på nedsida av Dalsidevegen. Dette omfattar også beitemyr (D02), bekkekanthøg og elles steinut beite. Einer *Juniperus communis* er rydda lengst mot vest. Det vart funne 95 artar karplanter under registreringa (sjå vedlegg). Alt i alt eit ganske fint område. Her er ein variert, men ganske ordinær flora. Sjølv om dette er to ulike naturtypar (D04 og D05) er det sett som eitt område og med ei samla artsliste. Da det er eit område med stor variasjon blir artslista ganske lang i høve til andre meir homogene område – reine beitebakker til dømes.





Kartlegging av vegetasjon ved bekkekant på Sillikvea. I bakgrunnen steinut beite, påverka av mange jordskred bakover i tida. Isdemningar i Sjongsåa høgt oppe i fjellet har brotna i vårløysinga og store vassmassar har så løyst ut slike skred. Siste gongen dette hende var våren 2005.

#### 4.8 Kvita ID: BN00081020 Nær-Siem

Seterkve kartlagt som naturbeitemark (D04). Sjå lokalisering på figur 4.

Setra til Siemsgardane er av dei eldste på Kvita, truleg frå sist på 1600-talet (dei to Siemsgardane var da éin gard). I 1866 slo brukaren seterhøy for 3 skilling, det vil seie 1 vinterlass (omlag 300 kg). Det var vanleg seterdrift her til og med 1987. Det var 8 kyr, 3 kalvar og 12 geiter (til 1968) på setra her vanlegvis (Einbu og Kjelland 1988). Kvea vart slått og høyet køyrd heim fram til 1945. Sidan 1968 har området vore jamt beita av storfe.

Området er tidlegare kartlagt som naturbeitemark (D04) 10.08.1995, med utforminga finnskjepp- og sauesvingeleng. Det vart da mellom anna gjort fylgjande slutningar i verdigrunngjevinga: «Hele setergrenda vurdert som et kulturlandskap med store verdier og har forekomst av minst fire rødlistearter, noe som gir grunnlag for verdi viktig (B)».

Inngjerda seterkve med dels kortvakse beite og ganske mykje islandslav *Cetraria islandica*. Hovudkvea består i hovudsak av sølvbunkeeng *Deschampsia cespitosa* med stadvis mykje setersyre *Rumex acetosa* ssp. *lapponicus* og engsoleie *Ranunculus acris*. Det er store felt med beitemarikåpe *Alchemilla monticola*. Øvst på enga er det ein liten flekk med trådsiveng *Juncus filiformis*. Rosenrot *Rhodiola rosea* er planta inntil veggen på sørsida av selet. Det vart gjort interessante funn av marinøkkelartar *Botrychium* sp. ikring seterhusa, samt bakkesøte *Gentianella campestris*. Det vart i alt funne 77 artar karplanter under registreringa (sjå vedlegg). Kvea blir ikkje slått, men årleg beita av storfe og er i bra hevd, slik at den blir vurdert som viktig naturbeitemark (D04).




*Liten beitebakke nedst på kvea til Nær-Siem. Miljøvernrådsgjevar i Lesja, Marit Svanborg, får orientering om arbeidet av botanikar Anders Often.*





*Fjellmarinøkkel (Botrychium boreale) frå Siemskvea.*



*Gamalt bilde av dei vestlege Kvitasetrene til Siems- og Tynnølsgardane i 1890. Kyrne beiter på kveene og budeiene har nok stilt opp til ære for fotografen. Bjørk og fjellskog er det ikkje mykje å sjå av.*



Gamalt bilde ved fjøset til Nær-Siem, truleg på 1930-talet. Budeiene er i gang med kveldsstellet.

#### 4.9 Kvita ID: BN00068625 F291 F303 (to område) Søre Hagestande

Seterkve kartlagt som naturbeitemark (D04). Sjå lokalisering på figur 4.

Setra vart truleg bygd sist på 1820-talet da Hagestande-gardane vart delt. I 1866 slo brukaren seterhøy for 12 skilling, det vil seie 4 vinterlass (omlag 1100 kg). Det var tradisjonell seterdrift her til utpå 1960-talet og med geiter til ikring 1970. Det var 10 kyr, 8 ungdyr og 5 kalvar (og geiter seinare) (Einbu og Kjelland 1988). Kvea vart slått og høyet køyrd heim til 1950. Sidan 1970 har området vore jamt beita av storfe.

Området er tidlegare kartlagt som naturbeitemark (D04) 6.07.2007 (Gaarder & Jordal, 1996), og hadde da mellom anna verdigrunngjevinga «Delvis godt nedbeita seterkve med naturengvegetasjon og naturengarter... ikke spesielt artsrik..».

Det minste området (F291) består av steinut, småkupert og kortvakse beitebakke kartlagt som naturbeitemark (D04). Her er ein del lyng og mose, samt mykje fjellfjellblom *Leontodon autumnalis* var. *taraxacii*. Det andre området (F303) er ganske stort og variert. Det er dels steinut og småkupert med ein del sølvvier *Salix glauca*. Vi fann fire individ fjellmarinøkkel *Botrychium boreale* her, og eitt individ setersoleie *Ranunculus hyperboreus*, samt tre individ snøsøte *Gentiana nivalis*. Det vart i alt funne 82 artar karplanter til saman i baae områda under registreringa (sjå vedlegg). Områda blir ikkje slått, men årleg beita av storfe. Det er nyleg rydda bra med einer og vier øvst på kvea. Vurdert av oss som viktig naturbeitemark (D04) i bra hevd. Kanskje ein kan vurdere å ha eit større samanhengande område her for kartlegging, i staden for to „teigar“.





*Kartlegging av område F291 ved setra til Søre Hagestande. Til venstre ser vi tett bestand av fjellfjellblom (*Leontodon autumnalis* var. *taraxacii*).*



*Pågåande rydding øvst på kvea i område F303.*



*Gamalt bilde av nokre av dei austlege Kvitasetrene til Søre Hagestande og Sygard Nord-Hole i 1890. Som ein ser er det snautt for bjørk og andre tre oppi lia bakanfor setrene.*

#### 4.10 **Kvita** ID: BN00068624 F304 Nørdre Stor-Tande

Seterkve kartlagt som naturbeitemark (D04). Sjå lokalisering på figur 4.

Setra er av dei eldste på Kvita, truleg frå sist på 1600-talet (dei to Stor-Tandegardane var da éin gard). I 1866 slo brukaren seterhøy for 9 skilling, det vil seie 3 vinterlass (omlag 800 kg). Det var tradisjonell seterdrift her iallfall til 1931, og truleg lengre.

Området er tidlegare kartlagt som naturbeitemark (D04) 6.07.2007 (Gaarder & Jordal, 1996), og hadde da mellom anna verdigrunngjevinga: «Grasdominert seterkve... i nedre delen tydelig gjengroing med vier..»

Flat og jamn seterkve dominert av ei stor sølvbunkeeng. Stadvis er det artsrikt, særleg inne på tunet ikring seterhusa. Her vart det funne fleire individ fjellnøkleblom *Primula scandinavica*, 12 individ marinøkkel *Botrychium lunaria*, setersoleie *Ranunculus hyperboreus* og snøsøte *Gentiana nivalis*. Det vart i alt funne 76 artar karplanter i området under registreringa (sjå vedlegg). Det er ganske mykje mose i botnsjiktet. Kvea blir ikkje slått, men moderat beita. Noko attgroing av vier kan sjåast nedst på kvea, men viktig naturbeitemark i bra hevd likevel.



Oversyn over kvea på setra til Nørdre Stor-Tande.

#### 4.11 **Kvita** ID: BN00081021 Nordpå Tynnøl

Gamal seterkve kartlagt som naturbeitemark (D04). Sjå lokalisering på figur 4.

Setra er av dei eldste på Kvita, truleg frå sist på 1600-talet. I 1866 slo brukaren seterhøy for 3 skilling, det vil seie 1 vinterlass (omlag 300 kg). Det var tradisjonell seterdrift her til 1969. Det var 8-10 kyr, 3-4 kalvar og 12 geiter. Kvea vart slått og høyet køyrd heim fram til krigsåra på 1940-talet. Sidan 1969 har området vore jamt beita av storfe.

Området er tidlegare kartlagt som naturbeitemark (D04) 10.08.1995, med utforminga finnskjegg- og sauesvingeleng. Det vart da mellom anna gjort fylgjande slutningar i verdigrunngjevinga: «Hele setergrenda vurdert som et kulturlandskap med store verdier og har forekomst av minst fire rødlistearter, noe som gir grunnlag for verdi viktig (B)».

Området utgjer den nordlege delen av gamal kve som no ligg utanfor gjerdet, samt eit område med fjellhei-preg vest for setertunet til Nordpå Tynnøl. Det er noko kortvaksen beitebakke på den gamle kvea i nord. Den blir hardt beita årleg av både storfe og sau. Artsliste er teken opp frå dette gamle kveområdet (**a**), og området med fjellheipreg (**b**). Dette området er dels tørr hei



og dels fukthei. Område **b** ligg klart utanfor innmarka på det gamle kveområdet og har ikkje preg av tradisjonell naturbeitemark (D04), det minner meir om utmark med mykje lyng- og buskvegetasjon. På område **a** vart det funne fem individ av bakkeseøte *Gentianella campestris*. Det vart i alt funne 63 artar karplanter i både områda til saman under registreringa (sjå vedlegg).



Gamalt kveområde (utanfor gjerdet) med naturbeitemark nord for setra til Nordpå Tynnøl (område **a**).



Område **b** vest for setra til Nordpå Tynnøl er utmark med vekslende fuktigheit og form. Det har ikkje preg av å ha vore ein del av dei tradisjonelle seterleveane med naturbeitemark.

#### 4.12 Synfaring av kveene innan dei fire seterområda for kvalitativ sjekk

Vi vil nemne to område som peika seg ut med verdifulle kvalitetar; seterlevea til Midti Tynnøl på Kvita (figur 4) og seterlevea til Systugu Hattrem på Nysetra (figur 1).



**Midti Tynnøl (Kvita)**

På kvea var det kortvakse følblom-eng med mykje harerug *Bistorta vivipara* og fjellmarikåpe *Alchemilla alpina*. Det vart også funne marinøkkel *Botrychium lunaria* (9 individ) og fjellmarinøkkel *Botrychium lunaria* (2 individ) her. Sjølv om denne lokaliteten berre vart synfart er den etter vårt syn meir interessant enn lokalitet BN 00081021 Nordpå Tynnøl.



*Fin og artsrikkbakke på kvea til Midti Tynnøl.*

**Systugu Hattrem (Nysetra)**

Nesten flat eng omlag 70 m x 70 m (svakt SV-vendt) med tørrbakkar dominert av einer ikring. Enga er dominert av sølvbunke *Deschampsia cespitosa* og engreverumpe *Alopecurus pratensis*. Mykje nyseryllik *Achillea ptarmica*, ryllik *Achillea millefolium* og engkvein *Agrostis capillaris*. Flekkvis ganske kortvaksen natureng med ein del kattedot *Antennaria dioica*, fjellfrøstjerne *Thalictrum alpinum*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, fleckmure *Potentilla crantzii*, kvitmaure *Galium boreale*, nyresoleie *Ranunculus auricomus* agg. og marinøkkel *Botrychium lunaria* (15 individ, spreidd). Mykje aurikkelsveve *Pilosella lactucella*. Dette er ei fin natureng som med slått (utan gjødsling) kan bli ei fin blomstereng av litt særleg type. Den ligg lognt og solrikt til.



*Kvea til Systugu Hattrem mot nordaust.*

## 5 Tilråding

### 5.1 Generelt

Det er viktig at noverande hevd held fram i alle kartlagde område. Ein reduksjon eller frávær av beite vil kunne favorisera høgtveksande artar, og lågtveksande artar går da attende. Etter kvart vil det koma inn meir buskar og tre.

Når det gjeld skjøtsel av gamle seterkvær er det viktigast at ein set i gang å rydde. Den store skilnaden vil vera; å gjere noko eller å berre la det gro att. Dersom ein skal seie noko meir bestemt om kvar ein skal starte er det kanskje best å ta områda nærast seterhusa fyrst. Eineren er seintveksande, så det kan gjerne gjerast over 2-4 år ved å ta nye område kvart år i barmarkspærioden. Det er grovt sett tre måtar å rydde einer på: 1) bruke krattknusar, 2) dra opp kjerr med traktor, 3) kappe/spa opp for hand. Alle måtar fungerer, men det beste er nok 2 og 3. Ved bruk av krattknusar (1) blir nedre delen sitjande att og dei tørkar til beinharde stubbar som vil stå i lang tid. Det er praktisk og å ta opp kjerr på avgrensa område med lekkjer og traktor. To personar ryddar rett store område på ein dag. Når einerbusken blir dratt opp kan det fylgje med noko torv. Det er viktig å vippe denne attende, og dette må gjerast manuelt.

Storfe, sau, geit og hest beiter ulikt. I tillegg vil effekten av beitinga vera avhengig av tettleiken av beitedyr. Generelt kan ein seie at sau stort sett ikkje beiter nok. Det gror att og det blir ganske fort mykje sølvbunke som sauene ikkje tek. Sauebeiting er likevel betre enn ikkje beiting i det heile, men er heilt klart ikkje fullgodt, uansett markslag. Beiting med hest er kanskje noko av det beste. For storfe blir det lett for mykje dyr slik at det blir overgjødsla og sundtrakka, og kan ende opp som artsfattig beite med dominans av nitrogenkrevjande artar. Eit kontrollert lågt beitetrykk av storfe er heilt greitt.

Det er viktig å nytta minst mogleg kunstgjødsla. «Utpint» eng/beite med lite nitrogen fremjar ofte dei sjeldne beitemarksartane. Mykje nitrogen gjev artsfattig, men meir produktivt beite. Slåttetidspunkt bør helst vera etter frøsetjing, dvs. helst litt ut i august. Etter slåttten kan ein gjerne la graset ligge og tørke ei veke før det blir raka saman og køyrt bort. Såleis vil mykje av frøa falle ut. Det er viktig å fjerne graset for å «utarme» enga, noko som går ut over dei høgproduktive nitrogenelskarane og generelt gjev større mangfald.

### 5.2 Nysetra (to område)

Variert og fin naturbeitemark som blir halde i hevd ved noverande beiting. Det er viktig at dette beitetrykket held fram med omsyn til framtidig hevd.

### 5.3 Tandsetra

Naturbeitemark med stor variasjon i utforming og fuktigheit. Dels steinut og kupert med einerbeitebakker og noko lyngrabbar. Også noko hagemarkspreg. Teikn til attgroing nedst i området. Det er viktig at dette området blir beita med omsyn til framtidig hevd.

### 5.4 Sjong (fire område)

Gamal hagemark/bjørkehage og naturbeitemark i god hevd. I område med mykje eineroppslag kan det med fordel ryddast litt, men alt i alt veldig fint vedlikehalden beitemark.

## 5.5 Kvita (fire område)

Det er god hevd på naturbeitemarka her og det er stadvis rydda ein del einer i seinare tid. Framhald av noverande beitetrykk er bra. Den sørlege delen av BN000881021 (Nordpå Tynnøl) må revurderast som del av dette området, da det ikkje har „kulturlandskapspreg“. Det er meir relevant å ta med ein del av kvea ikring setertunet dersom denne kvea skal inngå. Sjå elles kommentarar i kapittel 4.11.



*To individ taigahumle (Bombus sporadicus) på raudknapp (Knautia arvensis) på Nysetra.*

## 6 Referansar

Bratli, H. 2010. Naturbeitemark. NINA faktaark.

DN 2007. Kartlegging av naturtyper – verdsetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13. 2. utgave 2006 (oppdatert 2007). 189s. + vedlegg.

Einbu, P. & Kjelland, A. 1988. Setrane i Lesja. A. Kjellands forlag A.S. Lesja. 256 s.

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12: 1-279.

Fremstad, E. & Moen, A. 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. - Rapport botanisk serie 2001-4: 1-231.

Gaarder, G. & Jordal, J. B. 1996. Botaniske undersøkelser av kulturlandskap i Grimsdalen, Dovre, Dalsida i Lesja, Fryadalen i Nord-Fron, og av barskog i Formolia og Uladalen i Sel, Oppland fylke. Miljøfaglig Utredning Rapport 1996-13: 1-78.

Halvorsen, R., Andersen, T., Blom, H.H., Elvebakk, A., Elven, R., Erikstad, L., Gaarder, G., Moen, A., Mortensen, P.B., Norderhaug, A., Nygaard, K., Thorsnes, T. & Ødegaard, F. 2009. Naturtyper i Norge – Teoretisk grunnlag, prinsipper for inndeling og definisjoner. Naturtyper i Norge versjon 1.0 Artikkel 1: 1-210.

Halvorsen, R., Mazzoni, S., Bratli, H., Engan, G., Fjeldstad, H., Gaarder, G., Larsen, B.H. & Nordbakken, J.-F. 2011. Utprøving av NiN versjon 1.0 som naturtypekartleggingssystem. I: Halvorsen, R. (red.). Faglig grunnlag for naturtypeovervåking i Norge - Grunnlagsundersøkelser. - NatHist. Mus. Univ. Oslo Rapp. 11: 11-98.

Hansen, I. 2007. Feltundersøkelser. Upubl.

Jordhøy, P. & Often, A. 2015. Kartlegging av biologisk mangfold i setergrendene Nedre Reindøl, Reindølsætrin og Svardalsætrin i Lesja kommune. - NINA Rapport 1188. 25 s.+ vedlegg

Jordhøy, P. & Often, A. 2016. Kartlegging av biologisk mangfold i setergrendene Filling, Skamsdalssetrin og beiteområde ved Sletthella i Lesja kommune - NINA Rapport 1289. 18 s.+ vedlegg

Larsen, B.H. 2010. Kvalitetssikring og nykartlegging av naturtyper i Lesja kommune. Miljøfaglig Utredning Rapport 2010:32. ISBN 978-82-8138-425-5.

Lindgaard, A. og Henriksen, S. (red.) 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.

## 7 Vedlegg Artslister (dei mest interessante artane er utheva)

### Nysetra BN 00081018

Undersøkt: 08.08.2017

#### Artsliste

Beitemarikåpe *Alchemilla monticola*  
 Blåklokke *Campanula rotundifolia*  
 Blokkebær *Vaccinium uliginosum*  
 Dunbjørk *Betula pubescens* ssp. *pubescens*  
**Dunkjempe** *Plantago media*  
 Einer *Juniperus communis*  
 Engfiol *Viola canina*  
 Engfrytle *Luzula multiflora*  
